

Forventa pensjoneringsalder 1986-2008: Delmål 3 i IA-avtalen er oppfylt

Av ODDBJØRN HAGA

SAMANDRAG

Etter ein moderat nedgang frå 2001 til 2003, har forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år auka dei siste fire åra, og er no på 64 år – eit halvt år høgare enn i 2001. Delmål 3 i IA-avtalen er dermed oppfylt. For menn er forventa pensjoneringsalder 64,4 år – den høgaste vi har målt, bortsett frå i 1993. På grunn av auke i tilgangen til uførepensjon og tidsavgrensa uførestønad i dei yngre aldersgruppene, gjekk forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år ned frå 2001 til 2006, men har auka monaleg dei siste to åra, frå 59,5 år i 2006 til 60,3 år i 2008.

Ser vi på heile perioden, frå 1986 til 2008, har trenden vore relativt stabil, men med store svingingar på grunn av regelendringar. Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år er no høgare enn den var på slutten av 1980-talet, sjølv om det for mange er vorte mogeleg å pensjonera seg tidlegare. Nedgang i sannsynet for å verte uførepensjonert etter fylte 50 år har kompensert for auken i pensjoning i AFP-ordningane mellom 62 og 67 år.

INNLEIING

Talet på personar med uførepensjon auka sterkt dei to første tiåra etter at Folketrygda vart innført i 1967. Det vart eit mål å stogga denne utviklinga, og auka den reelle pensjoneringsalderen. Eit verkemiddel var å vedta strengare medisinske vilkår for rett til uførepensjon frå 1991. Å auka den reelle pensjoneringsalderen vart også eit delmål i IA-avtalen, som vart inngått i 2001: Målet var ein auke på eit halvt år frå 2001 til 2009. Vi vil i denne artikkelen sjå nærare på korleis det har gått. Som indikator for den reelle pensjoneringsalderen brukar vi Forventa pensjoneringsalder. Forventa pensjoneringsalder er ein måte å rekna folket sin gjennomsnittlege pensjoneringsalder på, som kompenserar for dødelegheita og skeiv aldersfordeling i folket.

Artikkelen er ei oppdatering av ein artikkel i Arbeid og velferd nr. 2/2007 (Haga 2007).

FORVENTA PENSJONERINGSALDER

Det finst ulike metodar for å rekna ut pensjoneringsalder, og forventa pensjoneringsalder vert sett på som det mest robuste målet for å vurdere endringar over tid. Metoden seier noko om når ein kan forventa at personar med ein gitt alder i eit gitt år vil bli pensjonert.

Vi kan rekna ut forventa pensjoneringsalder for ikkje-pensjonerte personar i ulike aldrar. Figur 1 viser forventa pensjoneringsalder på fire alderstrinn: 18, 30, 50 og 62 år

Kva for nokre ordningar inngår i utrekninga

Pensjonssystemet i Noreg består av Folketrygda, Avtalefesta pensjon (AFP) og tenestepensjonar. Kva for nokre ordningar innanfor Folketrygda som bør reknast med kan vera eit skjønsspørsmål. I våre utrekningar har vi med Folketrygdas alders- og uførepensjon. Frå 2004 er også tidsavgrensa uførestønad med i utrekningane. Det kan diskuteras om tidsavgrensa uførestønad bør reknast som pensjoning. Det er ein mellombels stønad, og ikkje ein varig pensjon. For mange er det nok likevel byrjinga på pensjonisttilveret, ved at dei etter ei tid på mellombels stønad vil gå over på varig uførepensjon. Ein viktig grunn til at vi har denne ytinga med i utrekninga er likevel at vi elles ville få brot i tidsrekka, som ville gjera det vanskeleg å samanlikna forventa pensjoneringsalder før og etter 2004.

Tenestepensjonar vert som hovudregel gitt som eit tillegg til Folketrygda, med same pensjoningstidspunkt. Ein del arbeidstakarar har særaldersgrenser der pensjonsalderen kan vera så låg som 60 år, i nokre tilfelle endå lågare. Desse er ikkje med i utrekningssgrunnlaget fordi dette er praktisk vanskeleg å få til. Vi meiner likevel at vi får ein god indikator for utviklinga i den reelle pensjoneringsalderen.

for perioden 1986 til 2008. Som vi ser i figuren, vil forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år vera høgare enn forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år. Dette er fordi det ikkje lenger er mogeleg for ein 50-åring å bli pensjo-

Metode for utrekning av forventa pensjoneringsalder

Forventa pensjoneringsalder er lik produktsummen av alder og sannsynet for å bli pensjonert i gitt alder. Denne formelen reknar ut forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år:

$$FPA(50) = \sum_{x=50}^{70} x * p(x) = 50 * p(50) + 51 * p(51) + \dots + 70 * p(70)$$

Der $p(x)$ er sannsynet for å bli pensjonert i alder x . Sannsynet vert rekna ut via overlevingsfunksjonen $S(x)$ som er sannsynet for ikkje å være pensjonert ved fylte x år. Når vi har rekna ut $S(x)$ for dei moglege verdiane av x får vi sannsynet som $p(x)=S(x)-S(x+1)$.

Overgangsintensiteten i alder x , $h(x)$ er lik talet på dei som vart pensjonert i alder x , dividert med talet på dei som kunne vorte pensjonert. Overlevingssannsynet i alder x , $ovl(x)=1-h(x)$ er sannsynet for at ein som ikkje er pensjonert før fylte x år heller ikkje vert pensjonert før fylte $x+1$ år.

$$S(x) = \prod_{u < x} ovl(u)$$

dvs. produktet av overlevingssannsyna for kvar alder lågare enn x .

Datagrunnlag

Utrekningane er basert på NAV sin kopi av folkeregisteret, og statistikkdatabasen.


nert før fylte 50 år. I 2008 var forventa pensjoneringsalder for ein person på 50 år på 64,0 år, mens den for ein person på 18 år var 60,3 år. For ein person på 62 år var forventa pensjoneringsalder 65,6 år. Av figur 2 ser vi at den forventa pensjoneringsalderen for kvinner var oppimot eit år lågare enn for menn.

GÅR DEN FAKTISKE PENSJONERINGS-ALDEREN NEDOVER?

Forventa pensjoneringsalder ved fylte 62 år er i dag om lag eitt år lågare enn i perioden før 1997, men har elles vore svært stabil både i perioden før 1997 og i perioden etter 2001. Nedgangen kan tilskrivast nedsett aldersgrense for AFP, og er eit anslag på den verknaden AFP har hatt på pensjoneringsalderen.


Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år har dei siste åra vore litt høgare enn på slutten av 1980-talet, og veksende. Gjennomsnittet for perioden 2001–2008 er om lag 0,3 år høgare enn i perioden 1987–1990. Verknaden av nedsett aldersgrense for AFP har vorte kompensert for ved at det er relativt færre som vert uførepensjonert i alderen 50–62 år.

Figur 1:
Forventa pensjoneringsalder ved fylte 18, 30, 50 og 62 år frå 1986 til 2008.



KJELDE: NAV

Figur 2:
Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år frå 1986 til 2008, kvinner og menn.



KJELDE: NAV

Frå 2001 til 2008 har forventa pensjoneringsalder auka med eit halvt år, frå 63,5 til 64,0 år. Det betyr at delmål 3 i IA-avtalen er oppfylt. Dette delmålet går ut på at forventa pensjoneringsalder skal auka med eit halvt år frå 2001 til 2009.

I gjennomsnitt er forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år om lag den same i perioden 2001–2008 som den var i 1987–1990. Den er med 60,3 år 0,7 år lågare enn i 2001, men har auka dei siste to åra.

Tabell 1.
Forventa pensjoneringsalder ved fylte 50 år og fylte 62 år

	50 år			62 år		
	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1986	63,9	63,8	64	66,4	66,5	66,3
1987	63,1	62,9	63,4	66,4	66,5	66,4
1988	63,6	63,3	63,9	66,5	66,5	66,5
1989	63,2	63,2	63,2	66,3	66,5	66,1
1990	63,1	62,9	63,5	66,2	66,3	66,2
1991	64,1	64,2	64,2	66,5	66,7	66,5
1992	64,2	64,3	64,2	66,4	66,5	66,3
1993	64,6	64,7	64,7	66,4	66,6	66,4
1994	64,2	64,2	64,3	66,3	66,3	66,3
1995	64,2	64,1	64,4	66,3	66,4	66,3
1996	64,2	64,1	64,4	66,2	66,3	66,3
1997	63,6	63,4	63,8	65,8	66	65,7
1998	62,7	62,5	63	65	65,2	64,9
1999	62,8	62,6	63,1	65,2	65,4	65,1
2000	62,9	62,7	63,1	65	65,2	64,9
2001	63,5	63,4	63,8	65,5	65,6	65,4
2002	63,5	63,3	63,7	65,4	65,6	65,4
2003	63,3	63,1	63,6	65,4	65,5	65,3
2004	63,3	63,1	63,6	65,4	65,4	65,4
2005	63,5	63,2	63,9	65,5	65,4	65,5
2006	63,5	63,2	64	65,5	65,4	65,8
2007	63,9	63,4	64,3	65,6	65,5	65,8
2008	64	63,6	64,4	65,6	65,5	65,7

KJELDE: NAV

Tabell 2.
Forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år og 30 år

	18 år			30 år		
	I alt	Kvinner	Menn	I alt	Kvinner	Menn
1986	61,6	61,2	62	62	61,7	62,5
1987	59,8	58,9	60,6	60,5	59,6	61,4
1988	60,6	59,7	61,6	61,2	60,3	62,1
1989	60,1	59,6	60,6	60,7	60,2	61,2
1990	60	59,2	60,9	60,6	59,8	61,5
1991	61,6	61,3	62,1	62,3	61,9	62,7
1992	62	61,9	62,2	62,5	62,4	62,8
1993	62,6	62,6	62,8	63,2	63,1	63,4
1994	61,3	61,1	61,6	62,1	61,8	62,5
1995	61,1	60,6	61,6	62	61,5	62,5
1996	61,2	60,8	61,7	62	61,5	62,5
1997	60,3	59,9	60,8	61,3	60,8	61,8
1998	59,2	58,6	59,9	60,1	59,4	60,8
1999	59,3	58,7	60	60,1	59,4	60,8
2000	59,9	59,3	60,4	60,6	60,1	61,2
2001	61	60,6	61,6	61,8	61,3	62,4
2002	60,8	60,4	61,3	61,6	61,2	62,2
2003	60,4	59,9	60,8	61,2	60,7	61,8
2004	59,8	59	60,6	60,8	60	61,6
2005	59,6	58,9	60,4	60,8	60	61,7
2006	59,5	58,6	60,4	60,8	59,8	61,8
2007	60,1	59,1	61,1	61,3	60,3	62,4
2008	60,3	59,3	61,3	61,6	60,5	62,7

KJELDE: NAV

FAKTORAR SOM KAN FORKLARA NOKO AV UTVIKLINGA I FORVENTA PENSJONERINGSALDER

Det er serleg to faktorar som kan forklara utviklinga i forventa pensjoneringsalder i perioden:

- Svingingar i tilgangsratene til uførepensjon
- Auke i tilgangen til AFP i åra 1996–1998, og ein viss nedgang i 2001

Bruken av uførepensjon auka sterkt dei fyrste tiåra etter at Folketrygda vart innført. For å stoppa denne utviklinga fekk vi i 1991 ei innstraming i dei medisinske vilkåra for rett til uførepensjon. Dette førde til ein kraftig nedgang i talet på nye uførepensjonistar, og til auka forventa pensjoneringsalder frå 1990 til 1993.

Fleire forhold førte til ein auke i talet på nye uførepensjonistar frå 1994. Denne utviklinga toppa seg i åra 1998–99. Følgjande moment forklarar mykje av auken:

- I 1994 fekk vi ei regelendring som reduserte lengda på rehabiliteringspengar til høgst 1 år. Ein del av dei som mista retten til rehabiliteringspengar gjekk over til uførepensjon.
- Etter ei prinsipiell trygderettsavgjerd i 1995 må det antakast å ha skjedd ei liberalisering av trygdekontoras praktisering av dei medisinske vilkåra for uførepensjon (RTV-rapport 07/99).

Vi fekk i 2000 ei innskjerping i kravet om at attføring skulle vera prøvd før uførepensjon kunne tilståast. Dette bidrog til reduksjon i talet på nye uførepensjonistar i 2000

og 2001. I 2002 ser vi igjen ein auke, som i alle fall delvis kan forklarast ved at attføring ikkje nødvendigvis fører fram, og at det endelege resultatet likevel er vorte uførepensjonering (RTV-rapport 05/2005).

I 2004 vart ordninga med tidsavgrensa uførestønad innført. Dette kan ha medført ein høgare tilgang i dette året, blant anna fordi fleire har fått innvilga ein tidsavgrensa uførestønad framfor fleire periodar med rehabiliterings- eller attføringspengar. Dette kan delvis forklara at forventa pensjoneringsalder ved fylte 18 år gjekk ned frå 2003 til 2004.

Bruken av AFP var relativt beskjeden før 1995. Det var ein jamn auke i bruken fram mot 1997. I 1997–1998 auka tilgangen til ordninga sterkt som fylgje av at aldersgrensa vart sett ned, først frå 64 til 63 år i 1997, så til 62 år i 1998. Deretter heldt bruken seg på om lag same nivå fram til 2000. Vi fekk ein sterk auke i tilgangen i det første halvåret 2000, før retten til friinntekt på 1G¹ vart teken bort. Etter 2001 har tilgangen til AFP-ordninga vore stabil sett i forhold til befolkninga.

Vilkåra for pensjonering i 1998–2000 var spesielle, både på grunn av nedsett aldersgrense for AFP, og fordi det var høg tilgang til uførepensjon i denne perioden. Estimata for forventa pensjoneringsalder for desse åra må difor tolkast med varsemnd sett i eit lengre perspektiv.

Tilhøva på arbeidsmarknaden påverkar truleg også pensjoneringsåtferda. Noreg har vore inne i ein høgkonjunktur frå 2003/2004 til 2008. Auken i etterspurnad etter arbeidskraft i denne perioden kan også bidra til å forklara auken i forventa pensjoneringsalder dei siste åra.


PENSJONERINGSMØNSTERET

Vi har sett at forventa pensjoneringsalder i dag er om lag som den var på slutten av 1980-talet. Sjølve pensjoneringsmønsteret har likevel endra seg. Det er no høgare sannsyn for å få uførestønad for personar under 40 år enn det var tidlegare, og det er også fleire som pensjonerer seg i alderen 62–67 år, på grunn av AFP-ordninga. Det har samstundes vore ein betydeleg reduksjon i sannsynet for å gå over på uførestønad mellom 50 og 62 år (sjå figur 3 og figur 4).

Figur 3 viser forventa del av befolkninga som er pensjonerte på ulike alderssteg, og uttrykkjer kor stor del av folket som vil vera pensjonert gitt at pensjoneringsmønsteret held seg konstant over nokre år (kumulativt pensjonerings-sannsyn)². I 1987–1990 tilsa pensjoneringsmønsteret at

Figur 3:


Forventa prosentdel av befolkninga som er pensjonerte på ulike alderssteg (kumulativt pensjonerings-sannsyn) Figuren viser sannsynet for alt å vera pensjonert ein augneblink før fylte x år, for x=30, 40, 50, 62 og 67 år.



KJELDE: NAV

Figur 4:

Sannsyn for å bli pensjonert i ulike aldersintervall, for personar som ikkje er pensjonert ved fylte 50 år. Intervalla er lukka nedover og opne oppover. Det betyr til dømes at sannsynet i intervall 65-67 reknar med pensjonering den månaden ein vert 65 år, men ikkje den månaden ein fyller 67 år.¹



¹ Vi ser i framstillinga bort frå aldersgrensene for AFP og Alderspensjon er høvesvis 62 år og ein månad og 67 år og ein månad. 62 og 67 betyr eigentleg 62 (67) år og ein månad. I utrekningane har vi teke omsyn til dette.

KJELDE: NAV

¹ G er Folketrygdas grunnbeløp, frå 1. mai 2008 har det vore på 70 256 kroner.

² Merk at tala viser kor stor del som vil vera pensjonert rett før dei ulike aldersstega, slik at dei som pensjonerer seg ved 67 år ikkje er medrekna i kurven for 67-åringar osv.

om lag 40 prosent av befolkninga ville bli pensjonert før fylte 62 år, og om lag 60 prosent før fylte 67 år. Dei siste åra har desse prosentdelane vore omlag 30 og 60 prosent. Gitt dagens pensjoneringsmønster, er det med andre ord like stor del av dei aktive som vil venta med pensjoneringa til dei fyller 67 år, som det var med pensjoneringsmønsteret i 1987-1990, men færre som vil pensjonera seg før 62 år, og fleire mellom 62 og 67. Det ser ut til at det kan vera nokre som går av med AFP når dei fyller 62 år, som utan denne ordninga ville søkt uførepensjon tidlegare.

Figur 4 viser sannsynet for å bli pensjonert i ulike aldersintervall, gitt at ein ikkje er pensjonert før fylte 50 år. Mens sannsynet for å bli pensjonert i alder 62–65 år har auka gjennom perioden, er sannsynet for å bli pensjonert i intervalla under 62 år no betydeleg lågare enn i 1987-1990.

FORVENTA PENSJONERINGSALDER I NORDEN


Om vi samanliknar dei Nordiske landa, ser vi at Island har ein høgare forventa pensjoneringsalder enn resten av Norden. Noreg og Sverige er nokså like med ein effektiv pensjoneringsalder om lag eit år høgare enn i Finland og Danmark. Pensjonsordningane er likevel noko ulike i dei ulike landa. Blant anna er pensjonsalderen 67 år på Island, medan han er 65 år i Danmark. I Finland har arbeidsløysa vore høgare enn i dei andre landa, og mange av dei arbeidslause har difor fått gå av med pensjon då dei vart 60 år. Island hadde på den andre sida svært låg arbeidsløysa i perioden.

Som i Noreg er den forventa pensjoneringsalderen lågare for kvinner enn menn også i dei andre nordiske landa. Unntaket er Finland kor kvinner har noko høgare forventa pensjoneringsalder. Størst forskjell mellom kjønna er det på Island, kor forventa pensjoneringsalder er om lag tre år lågare for kvinner enn for menn.

Ved samanlikning av forventa pensjoneringsalder i Norden er det brukt ein litt annan metode enn vi brukar i Noreg. Skilnaden ligg i korleis ein tek omsyn til at ein del døyr før dei er vorte pensjonert. Den nordiske metoden gir ein forventa pensjoneringsalder ved 50 år som er om lag 0,2 år lågare enn den vi brukar i Noreg. Skilnaden er systematisk, og endringane over tid vert dei same.

For meir om pensjoneringsalderen i Norden viser vi til rapporten «Expected effective retirement age in the Nordic countries», Helsinki 2008.

Figur 5:
Forventa effektiv pensjoneringsalder ved fylte 50 år i dei nordiske landa



KJELDE: PENSIONSSKYDDSCENTRALEN FINLAND.

REFERANSAR

Utviklingen på uføreområdet. RTV-rapport 07/99. Oslo: Rikstrygdeverket 1999

Innskjerping i attføringsvilkåret i 2000. RTV-rapport 05/2005. Oslo: Rikstrygdeverket 2005

Haga, Oddbjørn 2007: «Forventet pensjoneringsalder 1986-2006». *Arbeid og velferd 2/2007*. Oslo: NAV 2007.

Expected effective retirement age in the Nordic countries. Statistical Report 2/2008. Helsinki: Finish centre for Pensions. (Denne rapporten har mellom anna ein grundig handsaming av metodespørsmål, og ser også på utviklinga i pensjoneringsalder samanlikna med levealder. Publisert på www.etk.fi.)